

Referat frå møte i Matematisk fagutval måndag 1. oktober 2007

Tilstades: Sveinung Fjær, Kristian Gundersen, Jørn Hafver, Jon Haugen, Hilde Kristine Hvidevold, Åsmund Kjørstad, Livar Lima, Erik Natvig, Morten Nome, Arne Vestrheim.
I tillegg vart desse personane vald inn på generalforsamling, men hadde ikkje høve til å møte på det fyrste møtet: Anders Fosen, Ines Haugland Rosef.

Val av ordstyrar og referent: Jørn Hafver vart vald til ordstyrar, Arne Vestrheim til referent ved aklamasjon.

1. Presentasjon: Alle presenterte seg og fortalde kvar dei heldt til på matematisk:

- Mastergrad anvendt matematikk: Sveinund Fjær, Jørn Hafver, Hilde Kristine Hvidevold, Livar Lima
- Mastergrad statistikk: Arne Vestrheim
- Lågåregrad: Kristian Gundersen, Jon Haugen, Åsmund Kjørstad, Erik Natvig

2. Val. Det var val ved aklamasjon på desse verva:

- Leiar: Morten Nome
- Nestleiar: Jørn Hafver
- Kasserar: Hilde Kristine Hvidevold
- Sekretær: Sveinung Fjær. Vara: Erik Natvig
- Webansvarleg: Jørn Hafver. Vara: Sveinung Fjær
- Festkomite: Kristian Gundersen, Jørn Hafver, Åsmund Kjørstad
- Bedriftskontakt: Jon Haugen, Livar Lima
- Foredragsansvarlege: Livar Lima, Morten Nome

3. Klage på generalforsamling 20.09.07.

I etterkant av generalforsamlinga (GF), kom det inn ei anonym klage om gjennomføringa av GF. Klaga gjekk på tre punkt:

- Det var uklart om kandidatane var valgbare: Representantar frå det gamle fagutvalet som var tilstades på GF, meinte at dette var tydeleg. Dersom nokon tykte det var uklart, måtte dei gi beskjed med det same.
- Det var uklart om den øvre skranken etter punkt 2.3i i statuttane var overstige, og om det då var påkrevd med skriftleg val: I forkant av GF vart det sendt ut ein epost til fagutvallista, om at dei som fortsatt ynskte å vere med i fagutvalet måtte gi beskjed. Morten Nome og Arne Vestrheim gav melding, i tillegg til at Jørn Hafver og Livar Lima møtte på GF. Utover desse, var det ingen andre i fagutvalet som tok gjenval. Fagutvalet pr 20.09.07 tel dermed 12 representantar, og punkt 2.3i er ikkje brotne. Uansett vil det vere dei representantane som blir valgt på GF som er dei gyldige, og dersom andre vil

bli med må dei tas opp av det valde fagutvalet. Fagutvalet orsakar dersom dette var uklart. (I etterkant av klagen har fagutvalet tatt kontakt med kvart enkelt valgbart medlem av det gamle fagutvalet, og ingen av dei som ikkje var nemde på GF har hatt ynskje om å fortsetje.)

- Punkt 3.8 i statuttane var brotne, då rekneskap for 2007 ikkje var tilgjengeleg: Her tar fagutvalet sjølvkritikk. Likevel skal det seiast at det var dårleg kommunikasjon mellom medlemmene i det gamle fagutvalet. Det var difor naudsynt med ei generalforsamling for å få på plass eit velfungerande fagutval. (Underteikna har i etterkant av møtet oppmoda om å legge ut opplysningar om rekneskap for 2007 på heimesida til matematisk fagutval.)

På bakgrunn av desse klagene, ville klagar at GF skulle bli underkjent. I tillegg hadde dei forslag til endringar i statuttane og gjennomføring av GF. Det gamle fagutvalet ville ikkje imøtekomme krav om underkjenning av GF, men tar gjerne imot forslag om statuttendringar før neste GF. Dersom nokon vil hjelpe til med gjennomføring av neste GF er dei også sjølv sagt hjarteleg velkomne til det.

Representantar frå det gamle fagutvalet som var tilstades på møtet: Jørn Hafver, Livar Lima, Morten Nome, Arne Vestrheim

4. Aktivitetar til fagutvalet H07.

- Eksamensfest på Hulen 17. desember. Arne Vestrheim, aktivitetar vert avgjort seinare av festkomite.
- Fredagsfilm og –pils. Morten Nome i samråd med Norunn Træland Stene.
- Populærvitskaplege føredrag. Livar Lima
- Kræsjkurt i MAT111. Erik Natvig
- Fest for mastergrad, komande mastergradstudentar i matematikk og fagutvalet. Festkomite + Morten Nome

5. Eventuelt.

- Møtetider framover. Tysdagar 16.15. Neste møte blir 30.10.07.

Bergen 01.10.2007, Arne Vestrheim